

PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Møte:	3/2013
Tid:	Torsdag 4. april kl. 09:00 – 12:00
Stad:	Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Til stades:

Ordfører:	Jon Askeland, Kari Foseid Aakre, Per Lerøy, Karstein Totland, Nils Marton Aadland, Kristin Handeland, Astrid Aarhus Byrknes, Hallvard Oppedal, Knut Moe
Rådmenn:	Øistein Søvik, Øivind Olsnes, Ingvild Hjelmtveit, Odd Ivar Øvregård, Jarle Landås, Jan Olav Osen, Svein Helge Hofslundsengen, Vidar Bråthen
NUI:	Rune Heradstveit
Andre:	Bent Gunnar Næss, Anne Hildegunn Færøy (sak 35/13), Kari E. Natland (sak 40/13) Gunnar Wiederstrøm, Opus Bergen AS (sak 35/13)
Forfall:	Reidun Halland

Sak 32/13	Godkjenning møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 33/13	Godkjenning møteprotokoll frå møte 2/2013 Møteprotokollen frå møte 2/2013 vart godkjent utan merknadar.
Sak 34/13	Status oppfølgingsaker (oppdatert vedlegg) Kjapp gjennomgang.
Sak 35/13	Status Helsehus - forslag til vidare prosess Opus Bergen AS hadde på oppdrag frå NUI utarbeidd eit notat som utgangspunkt for drøfting av vidare prosess med helsehuset. OPUS var derfor invitert til møtet for å gje ei orientering om dette og Gunnar Wiederstrøm møtte frå OPUS og gav ei oppsummering av notatet - og gav tilråding om vidare prosess. Rapport utarbeidd av NUI og Deloitte er eit godt grunnlag når det gjeld helsefaglege føresetnader og synergieffekter ved samlokalisering, men det er fornuftig å gå tettare på enkelte problemstillingar. Fordeler og ulemper om eigarforhold og drift – er viktig – ikkje berre økonomisk, men og i forhold til drift. Etablering av eit helsehus er eit kjempeprosjekt, og vil på mange måtar vera litt likt medieklynga i Bergen (mediehus), det vil trekka til seg fagfolk. Rapporten gjev i mindre grad svar på økonomiske føresetnader. Det kan synest fornuftig å vurdere nærare tomteval, og alternative utbyggings- og driftsmodellar bør også utgreiast. Det må komme tydeleg fram om det er drift av huset eller drift av tenester det gjeld. Møtet opna så for drøfting, spørsmål og innspel. Mange rundt bordet var tydelege på at dei er lite nøgde med Lindås si handtering av saka. Lindås burde ha set i gong interne avklaringar på eit mykje tidlegare tidspunkt – slik at dei no var klar til å bringa saka vidare. Kommunen har på mange måtar spelt i frå seg sine moglegheiter. Det var vidare skepsis til vidare utgreiingar og «nye» rundar, og fleire var redd heile prosjektet kan stranda.

	<p>Kort oppsummering av fagleg spørsmål: Ein må sikra at det ikkje vert gjort nye utgreingar der dette er gjort tilfredsstillande. Ein bør unngå nye diskusjonar om lokalisering og må halda fast på Knarvik. Ein må vurdere eigarforhold nærare, ikkje minst om IKS kan vera eit alternativ som vil ha dei same rettigheitar og moglegheiter som ein vertskommune når det gjeld lånebetingelsar, støtte frå Husbanken, momskompensasjon m.v. Ein må vidare ta prinsipielle avgjersler om å eiga eller leiga, og ein må skilja mellom ansvar for byggeprosessen og drift av bygget - og sjølve drifta av dei faglege tenestene.</p> <p>Ulike avklaringar må gjerast - bl.a. kva ein definerer som vertskommuneansvar. Ein må vidare avklara kva som må på plass før Lindås kommune kan ta stilling til eit eventuelt vertskommuneansvar (ligg i kommunestyrevedtaket). Ein sjekkar ut tomtealternativ – og desse må vurderast opp mot rekkefølgekrav som Statens vegvesen har i Knarvik. Lindås kommune må snarast avklara eige arealbehov /-ynskje, og setja i gong nødvendig arbeid parallelt – ikkje minst reguleringsspørsmål.</p> <p>NUI peikar på at kommunane i regionen ikkje berre må sjå 1/6 av huset som sitt, men heller 4/6 deler sidan det er eit stor regionalt ynskje om å få spesialisthelesetenster ut hit. Ulike utgreiingsprosessar vil gå parallelt, og mykje av dette arbeidet ville måtte bli gjort uansett.</p> <p>Når det gjeld prosjektorganisering så er Regionrådet styringsgruppe som tidlegare. NUI er prosjektansvarleg og set ned ei prosjektgruppe, og arbeidsgrupper slik dei meiner er best.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> ✚ Regionrådet ber NUI utgreia punkta i vedtaket til Lindås kommune og ber NUI koma tilbake til Regionrådet med ei ny tilråding når dette er utført. Det vert sett ned ei prosjektgruppe bestående av NUI, Helse Bergen, Lindås kommune og representantar (2) for dei andre kommunane som jobbar tett på prosessen.
<p>Sak 36/13</p>	<p>Status kommunestrukturprosessen. Nedsetjing av styringsgruppe. (vedlegg)</p> <p>Jon Askeland og Rune Heradstveit gav ein kort status for kommunestrukturprosjektet om korleis ein ser for seg vegen vidare. NUI har fått inn tilbod på oppdatering av rapporten frå 2006 og avgjerd vil bli teke i nær framtid. Arbeidet med dette – fase 1 - vil vera fram mot juni. Fase 2 vil så ta til etter ferien. Organiseringa av denne kjem ein tilbake til, men ein ser for seg to løp – eit utgreiingsløp og eit samarbeidsløp - og prosessen bør ha fokus på nærleik, døgnopen kommune, kompetansearbeidsplassar nord for Knarvik, og må elles kunne visa konkrete konsekvensar når det gjeld struktur og plassering av tenestene m.v.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> ✚ Regionrådet er styringsgruppa for kommunestrukturprosjektet. NUI er prosjektansvarleg og rapporterer til styringsgruppa / Regionrådet. Sjølv organiseringa av prosessen vil koma på plass i samband med fase 2. Det vert oppretta ei arbeidsutval for fase 1 som består av Jon Askeland, Ingvild Hjelmtveit, Bent Gunnar Næss og Rune Heradstveit.
<p>Sak 37/13</p>	<p>Status «Nordhordlandspakken – E39 Bergen – Nordhordland»</p> <p>Astrid Aarhus Byrknes gav ein kort orientering om status. Ein ventar med spenning på at NTP vert lagt fram 12. april. Styreleiar og styret er optimistiske. Brev er sendt til kommunane Lindås, Meland og Radøy der ein ber om tilbakemeldingar om forskoteringar m.v. som er gjort. Selskapet har elles sett i gang Reklamehuset AS for utarbeiding av logo og PP-mal m.v. Logoforslaget er falle i god smak, og Reklamehuset jobbar vidare med dette.</p>
<p>Sak 38/13</p>	<p>Nettverk mellom plan- og byggjesakavdelingane i kommunane og næringslivet?</p> <p>Nils Marton Aadland orienterte kort om saka. Det er ønskeleg å byggja opp nettverk mellom plan-byggjesakavdelingane i kommunane og næringslivet. Dette for å byggja opp felles kunnskapsbase og kunne drive erfaringsutveksling med sikte på å etablere betre prosessar. Det finst eit nettverk for plan- og byggjesak mellom kommunane. Ein bør vurdere om dette kan utvidast. Det er ønskeleg å arrangere ein konferanse i vår der plan- og byggjesaker er</p>

	<p>tema. I samband med det bør det setjast ned ei arbeidsgruppe som arbeider vidare med saka.</p> <p>Vedtak</p> <p>✚ Regionrådet stiller seg bak behovet for å få til eit nettverk med fokus på plan- og byggesak og at ein jobbar med ein konferanse med dette som tema. Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som jobbar med dette bestående av Nils Marton Aadland, NUI og administrativt nivå i kommunane. RU peikar ut representantar frå administrativt nivå.</p>
<p>Sak 39/13</p>	<p>Statusrapport frå utvala (helse, nærings- og samferdsle og kultur). Leiarane</p> <p>Nærings- og samferdsleutvalet:</p> <p>Ikkje alle tidlegare eigarar går inn med kapital på tverrsambandet bl.a. er ikkje Sund og Bergen med. Uavklart i forhold til trase val bl.a. grunna resultatet av seismiske undersøkingar. Når det gjeld regionpakke Bergen, må me stilla krav til at NH-pakken ligg på nivå 1 dersom me skal delta i ein felles pakke.</p> <p>Samarbeid med NHIL. Det er etablert eit fast organ som går på samarbeid mellom næringsliv og region. Kort informasjon om Nordhordland Bioenergi.</p> <p>Nils Marton Aadland, Jon Askeland og Rune Heradstveit har hatt eit møte med Bård Sandal om fondsmidlar og støtte til Regionråda, der me meiner at Region Nordhordland kjem dårleg ut. Dette vert fylgd opp.</p> <p>Kulturutvalet:</p> <p>Knut Moe informerte kort om status for magasinløyising i regionen. Atle Ove Martinussen og Solveig Jordal frå Museumssenteret (MuHo) i Salhus møtte i Kulturutvalet 25. mars. Det er semje om at det er store utfordringar knytt til både magasinløyising og formidling i samband med samlingar som ikkje er magasinert til no i Nordhordland. Museumssenteret har som oppfølging av tiltaka i museumsplanen, teke initiativ til eit grunnlagsarbeid for magasinløyising i regionen. Initiativet er overfor Hordaland fylkeskommune for å få midlar til ein regional dokumentasjonsplan. (sjå elles vedlagte referat frå møte i Kulturutvalet).</p> <p>Knut Moe orienterte også kort om status for søsterbykomiteen som MuHo har fått ansvar for. Det er sett ned ein komité som skal jobba med dette og der Jostein Skråmestø er representant frå Regionrådet. NUI lagar no eit mandat for dette.</p> <p>Museumssenteret ynskjer elles å invitera oss til Salhus. Det vurderer me på eit av haustmøta.</p> <p>Helseutvalet:</p> <p>Astrid Aarhus Byrknes orienterte kort om augeblikkeleg hjelp sengene. Utfordringar kring bygget og senger har løyst seg. Ein er inne i gode prosessar. Signaler tyder på at ein internt på legevakta no opplever eit løft.</p>
<p>Sak 40/13</p>	<p>Meldingar og eventuelt</p> <p>Høyring – forslag til planprogram for Regional areal- og transportplan for Bergensområdet.</p> <p>Nils Marton Aadland oppsummerte kort frå høyringskonferansen. Planprogrammet berører kun 4 kommunar i regionen og har fokus på kva veksten på 160 000 innbyggjarar dei neste 30-40 åra vil bety for areal- og transport framover. Dette er ikkje ei høyring på planprogrammet, men altså forslaget. Det vil derfor vera viktig å engasjera seg når planen kjem. Kommunane bør sjølve vera veldig tydeleg på kva dei vil.</p> <p>Høyring – Regional næringsplan 2013-2017 – høyring planframlegg.</p> <p>Nils Marton Aadland orienterte kort om næringsplanen som er eit kort strategisk dokument som syner kva strategiar som er særskilt prioriterte for å møte dei viktigaste utfordringane næringslivet står overfor i fylket vårt. Plandokumentet skal særleg føra til at næringslivet når resultat i form av meir innovasjon, fleire arbeidsplassar og meir verdiskaping.</p>

Regionen har ein partnerskapsavtale med fylkeskommunen og får årleg tilført midlar til eit regionalt næringsfond. Ramma blir fastsett gjennom vedtak i fylkesutvalet, men bygger på statlege signal. Vår region får forholdsvis lite del av desse midlane, og blir årleg tilført ca. kr. 700 000. I tillegg minkar det kraftig på det lokale næringsfondet vårt og på k-fondet. Nils Marton Aadland, Jon Askeland og Rune Heradstveit tok like før påske initiativet til eit møte med Regiondirektør Bård Sandal der dei bl.a. tok opp desse problemstillingane.

Høyingsfristen er ute, men fylkeskommunen har opplyst at ein fortsatt kan koma med høyringsuttalar. Aasland føreslo at Nærings- og samferdsleutvalet får i mandat å laga eit utkast til høyring som vert kjapt sendt ut til alle med kort tilbakemeldingsfrist. Lindås, Austrheim og Meland har gitt uttale, og sender desse snarast til Kari E. Natland.

Vedtak:

✚ Nærings- og samferdsleutvalet får som mandat å laga eit utkast til høyring som vert kjapt sendt ut til alle med kort tilbakemeldingsfrist.

Nordhordlandslag 1913-2013. Drøfting felles reaksjon?

Per Lerøy gav ei kort orientering om brevet frå Nordhordlandslaget som fyller 100 i år og markerer dette med «vestlandsstemne» i Fergus Fall, Minnesota 20.-22. juni til sommaren. Per Lerøy føreslo at ein ber eit reiseselskap vurderer å setja saman eit turopplegg som folk i Nordhordland kan nytta seg av i samband med 100 års feiringa til Nordhordlandslaget. Vidare at me vurderte om nokon frå Region burde reisa over. Ein vart vidare enige om at Knut Moe og Kulturutvalet tek kontakt med MUVE og diskuterer løysing.

Vedtak:

✚ Knut Moe og Kulturutvalet får i oppdrag å kontakta MUVE i Salhus og diskutera løysing.

Knarvik 11. april 2013

Jon Askeland (sign)
Leiar Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit (sign)
Dagleg leiar Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

Sak 34/13: Status oppfølgingssaker – oppdatert etter møtet
Sak 36/13: Kommunestrukturprosessen
Sak 39/13: Referat frå møte i Kulturutvalet 25. mars